

# Eksamen

23.05.2019

AMB2001 Grunnleggjande helsefag / Grunnleggende helsefag

**Programområde:** Ambulansefag

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>I vurderinga vil det bli lagt vekt på at du</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kan beskrive korleis du vil løyse caseoppgåva og grunngir kvifor</li><li>• Trekker inn aktuelle fagområde i grunngivinga</li><li>• Viser innsikt og fagleg forståing</li><li>• Nyttar korrekt fagterminologi</li><li>• Ser heilskapen og samanhengem mellom teori og praksis</li><li>• Har god struktur i eksamenssvaret</li></ul>
<b>Andre opplysningar</b>	<p>Ved bruk av PC, bruk font Arial, skriftstørrelse 12 og linjeavstand 1,5.</p> <p>Klargjering av uttrykk i spørsmålsformuleringa:</p> <p><u>Nemn:</u> Opprekning av faktorar eller fenomen som det vert spurt om utan nærmare grunngiving eller vurdering.</p> <p><u>Beskriv:</u> Gjengiving av, eller forklaring på eit problemområde, situasjon eller fenomen.</p> <p><u>Gjer greie for:</u> Forklaring med eigne ord som viser forståing for det ein har lest/lært. Innebær ein viss grad av tolking som viser at kandidaten har gjort lærestoffet til sitt eige, og at dei synspunkta som vert sette fram vert grunngivne.</p> <p><u>Drøft:</u> Få fram ulike synspunkt om eit tema/ei spørsmålstilling, grunngi dei ulike synspunkta, sette dei opp mot kvarandre og trekke konklusjonar.</p>

## Case/ Situasjonsbeskriving

Du er på dagvakt som lærling.

Klokka 09.00 får de eit oppdrag, køyrekode RAUD (Kode 1).

Oppdraget gjeld ein 60 år gammal mann. Mannen fikk ifølge sambuar som har ringt, akutte smerter i brystet for ca 15 minuttar sidan. Han er og plaga av aukande tung pust.

Ved ankomst finn de pasienten sittande i senga. Han er vaken, svarar adekvat på tiltale, men han vert oppfatta som engsteleg. Han stadfestar klemmande smerter midt i brystet, med noko utstråling til venstre arm og opp mot kjeven. Vidare stadfestar han at det er tungt å puste og at han er kvalm. De observerar at pasienten har auka respirasjonsarbeid.

Sambuaren til pasienten opplyser at han har opplevd litt klem i brystet dei to siste gangane dei har gått tur, men dette har gått over så fort han har slappa av. I tillegg kan ho fortelle at han har hatt diabetes type 1 sidan han var 18 år. Ho seier det er pasienten sjølv som ivaretek sin diabetes, men at ho veit han har hatt litt problem med å holde blodsukkeret stabilt gjennom mange år. Han bruker insulin på insulinpumpe.

### Funn:

Luftvegar: frie/opne

Respirasjon: rask og ved auskultasjon kan ein høyre knatrelyder basalt

Puls - radialis: noko rask, noko nedsett fylde og regelmessig

Hud: bleik, kald og klam

### Vitalia:

Respirasjon: frekvens 25 og SpO2 92%

Puls: frekvens 120/min og regelmessig

Blodtrykk: 95/55

Blodsukker: 9,5 mmol/l

Allergi: ingen kjente

Faste medisinar: NovoRapid (hurtigvirkande insulin) via insulinpumpe

Pasienten åt sist ca klokka 07.30 ifølge sambuar

I oppgåvene under, skal du bruke DENNE casen som grunnlag der du blir spurt om det.

## Oppgåve 1

*Respirasjon og sirkulasjon*

- Gjer greie for blodet sin gang gjennom hjartet og lungene, frå det kjem inn frå kroppen til det forlet hjartet igjen. Gjer også greie for hjartet sin eigen blodforsyning.
- Pasienten i casen har forhøgd respirasjonsfrekvens og noko låg SpO<sub>2</sub>. Gjer greie for moglege årsakar til dette.
- Pasienten i casen har forhøgd puls og lågt blodtrykk. Gjer greie for moglege årsakar til dette

## Oppgåve 2

*Hormonsystemet*

- Beskriv bukspyttkjertelen sin (pankreas) oppbygging og funksjon knytta til hormonsystemet.
- Beskriv kva funksjon insulin og glukagon har i kroppen?

## Oppgåve 3

*Medikamenter*

Pasienten i casen bruker NovoRapid via insulinpumpe. Nemn ein anna måte diabetespasienten kan få tilført insulin, og forklar kvifor insulin ikkje kan gis i tablettform?

## Oppgåve 4

*Regelverk*

Nemn tre aktuelle lover/forskrifter som er med å regulere ditt arbeid som ambulansarbeidar. Gi eit eksempel på korleis dei kan komme til bruk i ditt daglege arbeid.

## Oppgåve 5

*Omsorg, kommunikasjon og profesjonalitet*

Pasienten i casen vert opplevd som engsteleg. Drøft korleis du vil ivareta omsorgen for pasienten i casen, og kva du vil vektlegge i kommunikasjonen.

# Bokmål

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>I vurderingen vil det bli lagt vekt på at du</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kan beskrive hvordan du vil løse caseoppgaven og begrunner hvorfor</li><li>• Trekker inn aktuelle fagområder i begrunnelsen</li><li>• Viser innsikt og faglig forståelse</li><li>• Anvender korrekt fagterminologi</li><li>• Ser helheten og sammenhengen mellom teori og praksis</li><li>• Har god struktur i besvarelsen</li></ul>
<b>Andre opplysninger</b>	<p>Ved bruk av PC, bruk font Arial, skriftstørrelse 12 og linjeavstand 1,5.</p> <p>Klargjøring av begreper i spørsmålsformuleringen:</p> <p><u>Nevn:</u> Oppregning av faktorer eller fenomen som det spørres om uten nærmere begrunnelse eller vurdering.</p> <p><u>Beskriv:</u> Gjengivelse av eller forklaring på et problemområde, situasjon eller fenomen.</p> <p><u>Gjør rede for:</u> Forklaring med egne ord som viser forståelse for det en har lest/lært. Innebærer en viss grad av tolkning som viser at kandidaten har gjort lærestoffet til sitt eget, og at de synspunkter som fremsettes begrunnes.</p> <p><u>Drøft:</u> Få frem ulike synspunkter om et tema/en spørsmålstilling, begrunne de ulike synspunkter, sette dem opp mot hverandre og trekke konklusjoner.</p>

## Case/Situasjonsbeskrivelse

Du er på dagvakt som lærling.

Klokken 09.00 får dere et oppdrag, kjørekode RØD (Kode 1).

Oppdraget gjelder en 60 år gammel mann. Mannen fikk ifølge samboer som har ringt, akutte smerter i brystet for ca 15 minutter siden. Han plages også av tiltagende tung pust.

Ved ankomst finner dere pasienten sittende i sengen. Han er våken, svarer adekvat på tiltale, men han oppleves som engstelig. Han bekrefter klemmende smerter midt i brystet, med noe utstråling til venstre arm og opp mot kjeven. Videre bekrefter han at det er tungt å puste og at han er kvalm. Dere observerer at pasienten har økt respirasjonsarbeid.

Mannens samboer opplyser at pasienten har opplevd litt klem i brystet de to siste gangene de har gått tur, men dette har gått over så fort han har sluppet av. I tillegg kan hun fortelle at han har hatt diabetes type 1 siden han var 18 år. Hun sier det er pasienten selv som ivaretar sin diabetes, men at hun vet han har hatt litt problemer med å holde blodsukkeret stabilt gjennom mange år. Han benytter insulin på insulinpumpe.

### Funn:

Luftveier: frie/åpne

Respirasjon: rask og ved auskultasjon høres knatrelyder basalt

Puls - radialis: noe rask, noe nedsatt fylde og regelmessig

Hud: blek, kald og klam

### Vitalia:

Respirasjon: frekvens 25 og SpO2 92%

Puls: frekvens 120/min og regelmessig

Blodtrykk: 95/55

Blodsukker: 9,5 mmol/l

Allergi: ingen kjente

Faste medisiner: NovoRapid (hurtigvirkende insulin) via insulinpumpe

Pasienten spiste sist ca klokken 07.30 ifølge samboer

I oppgavene under skal du bruke **DENNE** casen som grunnlag der du blir bedt om det.

## Oppgave 1

*Respirasjon og sirkulasjon*

- Gjør rede for blodets gang gjennom hjertet og lungene, fra det kommer inn fra kroppen til det forlater hjertet igjen. Gjør også rede for hjertets egen blodforsyning.
- Pasienten i casen har forhøyet respirasjonsfrekvens og noe lav SpO<sub>2</sub>, gjør rede for mulige årsaker til dette.
- Pasienten i casen har forhøyet puls og lavt blodtrykk, gjør rede for mulige årsaker til dette

## Oppgave 2

*Hormonsystemet*

- Beskriv bukspyttkjertelens (pankreas) oppbygning og funksjon knyttet til hormonsystemet.
- Beskriv hvilken funksjon insulin og glukagon har i kroppen?

## Oppgave 3

*Medikamenter*

Pasienten i casen benytter NovoRapid via insulinpumpe. Nevn en annen måte diabetespasienten kan få tilført insulin og forklar hvorfor insulin ikke kan gis i tablettform?

## Oppgave 4

*Regelverk*

Nevn tre aktuelle lover/forskrifter som er med å regulere ditt arbeid som ambulansarbeider. Gi et eksempel på hvordan de kan komme til anvendelse i ditt daglige arbeid.

## Oppgave 5

*Omsorg, kommunikasjon og profesjonalitet*

Pasienten i casen oppleves som engstelig. Drøft hvordan du vil ivareta omsorgen for pasienten i casen og hva du vil vektlegge i kommunikasjonen.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)